

## Reglar for internat og fritid ved Tveit Vidaregåande Skule

- 1. Positiv holdning og innsats. Dette er avgjerande for eit godt miljø og god trivsel på internatet og skulen.**
2. Alle rom skal haldast reine og ryddige (inkl. fellesrom), og det vert romkontroll med ujevne mellomrom. Ved gjentekne ordensmerkningar på romkontroll kan det fakturerast kr 1000,- for utvask av rom.
3. All form for rusmiddel er forbode å innta eller oppbevare på internatet, på skulen og på garden sitt område. Det er og forbode å rusa seg utanfor skulen sitt område når ein skal overnatta på internatet. Elevar og besøkjande som er rusa vil verta rapportert til skulen si leiing. Konsekvensen av brot på internatreglane er inndraging av rusmiddel, reaksjon frå skulen og utvising frå internatet i tre dagar. Ved gjentakning gjeld utvisinga ut året. Tomgods frå rusmiddel er og forbode å oppbevare på internatet, skulen og garden sitt område. Eleven kan utan forvarsel bli beden om å avgje blåsetest eller urinprøve for å avdekkja eventuelle rusmiddlar.
4. Røyking på internatet er ikkje tillete. Brot på regelen vil gje ei bot på kr 400,- som skal brukast til utvasking. Bota blir trekt frå depositumet. Røyking utandørs er kun tillate utanom skuletida på merka røykeplass.
5. Elev og besøkjande skal retta seg etter beskjed frå nattevakt, miljøarbeidar og andre tilsette ved skulen. Eleven må visa innhald i sekk, bag, pose og liknande, og oppbevaringsstader på rommet om tilsette frå internatet eller skulen ber om det.
6. Om eleven viser truande åtferd mot seg sjølv eller andre, kan eleven utvisast frå internatet.
7. Brannvarslingsanlegget må ikkje setjast ut av funksjon på nokon måte. Om brannalarmen vert utløyst, **skal alle møta ved flaggstanga på nedsida av internatet.** Eleven pliktar å gjera seg kjend med branninstruks. Hærverk på brannvarslingsanlegget og anna sikkerhetsutstyr fører til utvising frå internatet i tre dagar samt erstatningsplikt for skadeomfang.
8. Det skal ikkje nyttast stearinlys eller røykelse på rommet.
9. Vinduer må vera sikra mot vindskade.
10. **Lås dørene.** Skulen er ikkje ansvarleg for personlege eigedeler som kjem bort. Dei som bur på rommet er sjølv ansvarlege for eventuelle skader på rom og inventar.
11. Det er ikkje høve til å oppbevare farlege kjemikalier, fyrverkeri eller sprengstoff på internatet. Eventuelle jaktvåpen skal låsast inn i våpenskap i undervisningsbygget.
12. Medisinbruk skal avtalast med husmor. Foreldre/føresette eller lege skal skriftleg avtala kva medisinar/dosering eleven skal ha. Medisinar skal oppbevarast på internatkontor og utleverast av internatpersonalet. I særskilde høve kan husmor gje dispensasjon.

13. Vis alltid omsyn til naboen. Den som skapar uro kan visast ut frå internatet i inntil tre dagar. Ved gjentakning vil utvisinga gjelda ut skuleåret. Vis omsyn og demp musikken slik at den ikkje sjenerer andre.

Følgande reglar gjeld:

- Ikkje lov med besøkande etter kl. 22.45
- Ro på internatet kl. 23.00 (ytterdørene vert låst)
- Internett stenges kl. 24.00

14. Overnattingsbesøk skal avtalast med husmor seinast ein dag før besøk. Elevar skal skriva seg på fråværslista om dei overnattar ein annan stad enn på internatet. Internatet vert stengd fredag kl. 17.00 og opnar igjen sundag kl. 17.00. Det er ikkje høve til å overnatta på skulen eller garden sin eigedom i helger og feriar, utan etter avtale.

15. Elevar som bur på internatet kan bli vekte dersom dei ikkje møter til undervising. Om eleven er sjuk, skal han/ho melde frå om det til husmor og kontaktlærer. Om eleven er sjuk i fleire dagar skal han/ho reise heim.

16. Ved gjentatte vekkingar og/eller fråvær frå undervisinga kan skulen kontakta foreldre/føresette og helsesøster. Dette gjeld også for elevar over 18 år. Om eleven ikkje rettar seg etter dette punktet, kan skulen utvisa eleven **frå internatet**.

17. Dersom skulen vert bekymra for elevens fysiske og/eller psykiske helse kan føresette bli kontakta. Dette gjeld også dersom eleven bur på hybel og er over 18 år.

18. Elevkjøkkenet vert nytta til kveldsmat og kan nyttast til enkel matlaging. For å sikra god hygiene skal elevkjøkkenet haldast ryddig heile tida. Uryddig elevkjøkkenet vert stengt. Kjøkkenet blir låst kl. 22.00.

19. I matsal vert det krevd vanleg bordskikk. Mat skal ikkje takast med ut av matsalen utan å avtale dette med husmor. Ein kan smørja nistepakke til seg sjølv eller nokon annan som bur på internatet. Alle skal rydda etter seg ved bordet. Skittent arbeidstøy/ridetøy og støvlar/arbeidssko skal ikkje inn i matsalen, men stå i garderoben.

20. Det vil verta sett opp ordensmannslistar. Om du uteblir frå dette arbeidet, vert depostiumet ditt belasta med eit beløp som tilsvara utgiftene for leige av folk til å utføra det arbeidet du skulle ha gjort. Du har sjølv ansvar for utvask av rommet ditt før du flyttar ut til sommaren.

21. Dyr er ikkje tillete på internatet. Husmor kan gje dispensasjon i særskilde høve.

22. Motorisert kjøretøy skal parkerast på oppmerka plass.

**23. Alle elevar må rette seg etter dei tilsette.**

Me har eit internatråd der du kan koma med forslag til endringar på internatet.

Desse reglane er laga for at det skal vere enklare for oss alle å bidra til at miljøet og trivselen på internatet og skulen skal vera blant dei beste i landet!

Lykke til med eit lærerrikt og triveleg skuleår i lag med alle oss på Tveit Vidaregåande Skule.